

## Kan det bli bryggjedans?

13.03.2010



Litt opprydding står att, men elles er Sandakaaien no klar i opprusta tilstand.

Den tradijonsrike kaia har fått tredekke og har vorte riktig brukarvennleg og innbydande, for den nette sum av 200.000 kroner.

Apropos brukarvennleg: Er kaia no skikka for til dømes bryggjedans?

Det måtte vel eventuelt gjennomførast nokre sikkerheitsåtgjerder for å hindra ufrivillige bad, men eit slikt prosjekt er kanskje ikkje urealistisk?

I alle høve bør det vel gjennomførast ei eller anna form for innviing av den opprusta kaia.

Vi har høyrd nyss om at Nilsen Eigedom/SPAR arbeidar med saka.....

(Foto: Ola Matti Mathisen)